

Namn og adresse
til avsendaren

Line Ulveseter
Moltemyrvegen 56
9999 VIDALEN
E-post: line.ulveseter@vidalen.no
Mobil: 99 99 99 96

21. oktober 2020

Dato til høgre på
same linje som
postnummer og
poststad

Du kan også ta
med e-
postadresse og
mobiltelefon-
nummer.

Namn og adresse
til mottakaren

Rosetposten
Postboks 9099
6100 VOLDA

Ekstra linjeskift kan vere bra.
Mottakaren si adresse kan du
plassere slik at ho passar når du
brettar arket i ein
vindaugskonvolutt.

Gratis refleksvestar

Overskrift med feit skrift. Det skal ikkje vere punktum etter overskrifta.

Her viser
avsendaren til ein
annonse.

I ein annonse i Rosetposten 20. oktober 2020 ser eg at de deler ut gratis refleksvestar til skoleklassar som gjer ein ekstra inn innsats for auka trafikktryggleik.

Klassen min har nettopp gjennomført ei temaveke om trafikk. Vi hadde mellom anna besøk av politiet. Dei hadde ein refleksdemonstrasjon på ein avstengd veg ein mørk haustkveld. Det var skremmande å sjå kor stor forskjell det var på dei som hadde refleks, og på dei som vandra rundt i svarte klede.

Avsendaren skriv
kva saka gjeld og
grunngeiv
søknaden.

På vegne av klassen min søker eg om å få tilsendt 24 refleksvestar. Eg er sikker på at dei kjem til å verte brukte.

Avsendaren sin
signatur med penn

Med vennleg helsing

Line Ulveseter
Line Ulveseter
tillitsvald i 9. klasse

Tittel med liten
forbokstav

Ekstra linjeskift

1 vedlegg

Det kan vere aktuelt å sende med vedlegg. Her kan det for eksempel vere programmet for temaveka klassen har gjennomført.

Bruk same skrifttype og skriftstorleik i heile søknaden. Her har vi nytta Calibri 11. Times New Roman 12 er eit godt alternativ.

Du kan bruke standard marginstillingar og linjeavstand i tekstbehandlingsprogrammet ditt. Søknaden bør ikkje vere på meir enn éi side.